

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: V. Slidre.

Emne: Joletre og Jolehalm.

Bygdelag: øyebygde i Røn.

Oppskr. av: G. Kirkevoll.

Gard: Kirkevoll.

(adresse): Jomfrubraatvn. 25,  
Bekkelagshøgda.

G.nr. 66 og 67 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Ja. 56 aar gamal- Gartner.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- 1) Kvar jol var det joletrefest paa folkeskula ifraa den tid eg var med (1904) Me gjekk kring jolegrani og me fekk
- 2) gotter i smaa, smetta papirkorger av blankt ,farga papir som hekk paa treet. Det var gilt, og ein gløymer det ikkje.
- 3) Joletreet kom etterkvart i bruk i heimane. Aarstal er ikkje so godt aa seia.
- 4) Joleeftan var det alltid lite ekstra pynt med aakler og kristnetepen i hekksete og paa veggene og gjerne hakka brisk paa golvet.
- 5) Ein del av pynten held seg nok etter det kom joletre.
- 6) Storleiken paa joletrei var avpassa etter so stor stova var.
- 7) Ljos med ymse farge maatte til. Dei vart bundne fast paa kvistane. Papirkorger med gotter var vanleg. Lange band av oppklypte halmpipor (ein tomme lange) smetta paa hysing hang i bogar rundt tre-et.
- 8) Som vanleg tykte borni det var moro aa pynte jolegrani.
- 9) Det stod helst fast i ein krøssfot so tre-et kunne dragast hit og dit.
- 10) Ljosi vart tendt kl. 6.- Det var vanleg skikk at lampa (parafinlampa) brann heile joleftas-natte.- Jesus-barnet skulde sjaa. I dei gamle peisane var det "sup" so dei brende tyri paa so dei saag og arbeide om kveldane. Joleeftas-natte maatte ein sita uppe aa passe supen so ikkje varmen slokna. Han heitte "sup-fant"

- 2
- 11) Det var vanleg aa gaa rundt tre-et aa synge jolesalmar.
- 12) Etter gamalt var ikkje joli heilt ute før tjugande dagen. Den vart kalla Tjugande Stubben. Til daa kunne dei gaa jolebukk. Og so lenge stod ogso joletre-et.
- 13) Kørgene vart delt ut joleftaskvelden, men borni spara lenge paa det dei fekk den tidi.
- 14) Det var gran som vart nytta til joletre.
- 15) Kjenner ikkje til.
- 16) Jolebandet vart sett paa ei lang stong ved laaven

Det var av bygg og maatte reiset naar kyrkjeklokkone ringde inn joli.

Eg har ikkje høyrte om jolehalm paa golvi joleftan i Slidre. Men i Skjaak, Gudbrandsdalen bar dei rughalm inn paa golvet. Det vart mulla og lese over halmen med det sama. Skikken held seg sikkert til 1910.